

Kontaktperson:

Daglig leder: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

November



Kjære kunde

Styret i Dølemo Nærmat ser at den dårlege trenden på omsetning, som vi informerte dykk om i starten av oktober, kan ha snudd. Mange på Dølemo ser ut til å bruke butikken meir, samstundes som sundagsope gir resultat. Vi sett pris på dette og takkar dykk!

Ynskjer dykk å gjere meir av jolehandelen på Dølemo? Ta i god tid kontakt med Ranita eller Daniela for bestilling av varer som måtte mangle! :-)

Månadens vinnar

Kristine Sandland vann månadens kundelotteri for november, og kan kose seg på Joker Dølemo med eit gåvekort på 500,-
GRATULERER!


Sundagsope (Endra opetider)

Vi har justera litt på opetidene på sundager. Nye tider er 13.00-17.00 Kom innom du og! Vi sel kaffi og vaflar.

Status omsetning

Det er nå lagt til litt meir informasjon på grafen over omsetning - bruttotal. Desse tala viser forskjellen mellom varekjøp og varesal. Det er desse tala som viser kva butikken kan bruke av pengar til lønn og andre kostnader.

Omsetningstal veke 45-48



Julegråntenning

Rundt 40 små og store tok del i arrangementet 1. søndag i advent. På programmet stod trekning på kundelotteriet og tenning av julegråna. Det var sal av kaffi, kaker og vafler m.m. Det er utruglig moro at folk brukar butikken på sundagane til sosial samling!

Litt praktisk

Dersom dykk leverar tomgods som har stått svært lenge, eller som stinkar—skyl gjerne av det før det vert levert på butikken. Hugs at tomgods utan pant og kan leggest i dykkar eiga søppelskåp (glas- og metallavfall. Er det nokre ungdommar som har lyst til å ha ansvaret for kafeen på sundagar? Ta kontakt med Olav E. Føreland for meir info!

Kva skjer på butikken i desember?

Laurdag 5. **Snømannbygging.**
Vi inviterar alle på Dølemo til å vere med på å lage Åmlis største snømann. Kl. 10.00 (atterhald om veret)

Sundag 13. **Handverkssundag.**
Har du noko å selje? Gjerne noko du har laga sjølv. Ta kontakt med Olav E. Føreland (90 59 19 55)

Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955